

Der dirrer eit skrik.

*Der dirrer eit skrik frå eit folk i aust — —
so langt over skogar og sjø — —
Eit naudrop som kvern i ein døyande haust,
ei von som er dømd å forblø — —*

*Du Soumi folk ifrå sjoarnes land,
du kjempar for vestens kultur.
Og skal so di soge gå under i brand
skal livet ditt klinge i fridommens lur — —*

*Men Finnland kan øydast frå aust og til vest —
gå under i blodsky og vald — —
Han er ikkje herre den blodige gjest
for siste finnlender er kald.*

*Ein horntone varsler, stå still og gjev gaum —
No kjempar eit folk for sitt liv —
Å — vakna mitt folk frå den dårande draum —
for storstormen huset ditt riv — —*

*So bed då at Finnland kan greie si vakt —
og lær so av varslet frå aust:
At villskap og urett må motast med makt,
skal folket få vår etter døyande haust — —*

(Hentet fra «Bygdeungdommen»s julenr. 1939).

Viktor